



Invitasjon til dobbelt elevstemnet i august 2021!

Du blir med dette invitert til dobbelt elevstemne på Møre folkehøgskule fredag 13. og laurdag 14. august 2021!

Vi håper i det lengste at det blir mulig å samlast utan omfattande korona-tiltak, og ynskjer med dette velkomen til alle som vil vere med. Spesielt velkomen til dei som er jubilarar og var elevar desse skuleåra:

1939/40, 1940/41, 1949/50, 1950/51, 1959/60, 1960/61, 1969/70, 1970/71, 1979/80, 1980/81, 1989/90, 1990/91, 1999/2000, 2000/01, 2009/10, 2010/11 og for fem og seks år sidan; kulla frå åra 2014/15 og 2015/16.

Vi vil invitere til eit treff der alle kan leite fram gode minner og opplevingar, og dyrke venskap som vart skapt då ein var elev ved Møre folkehøgskule. Vi vil òg nytte høvet til å fortelje litt om kva skulen er i dag, kva aktivitetar som er i gang, kva som skjer på linjene og generelt på skulen og i folkehøgskulelandskapet. Det blir møter med tidlegare lærarar det blir god servering og litt program.

Ein kan bestille overnatting og frukost på skulen og nytte skulen sine lokalar.

Program for elevstemnet 2021:

- Fredag 13. august
 - Innlosjering
 - Grillkveld kl. 20.00
- Laurdag 14. august
 - Frukost kl. 09.00 – 10.00
 - Turdag for dei som vil, frå kl. 10.00
 - Enkel lunsj kl. 13.00 – 14.00
 - Fellessamling kl. 14.00. Litt om skulen i dag, linjer, turar og innhald.
 - Samling i årskull og møte med gamle lærarar kl. 15.00
 - Festmiddag med program i matsalen kl. 17.00. Det er alltid kjekt om nokon av kulla, eller einskildpersonar, kan bidra med litt program/underhaldning.
 - Når tida fell naturleg utpå kvelden, blir det servert kaffi og kaker.

Vi oppmode alle jubilarar til å ta med gamle bilete, songbok med helsingar frå medelevar m.m. Dette er alltid kjekt å sjå igjen. Ikkje minst set vi pris på bidrag til programmet under middagen.

Overnatting

Vi har 54 rom på skulen med tilsaman ca. 110 sengar. Bruk påmeldingsskjemaet for å bestille rom eller ta kontakt med skulen for å bestille rom. Vi innlosjerer folk så lenge vi har plass! Prisen på overnatting pr. natt i dobbeltrom er kr. 400,- pr. person. Enkeltrum kr. 500,- inkl. frukost. Skulen har betalingsterminal og Vipps-nr. Det er også plass til bubilar utanfor skulen.



Servering

Skulen har generelt skjenkeløyve. Baren er open:

- Fredag frå kl. 18.00 – 02.00.
- Laurdag kl. 13.00 – 02.00.

NB! Det er ikkje lov å nyte medbrakt alkohol på skulen sine fellesareal.

Påmelding og fristar:

Påmeldingsskjema

Gå til skulen sine nettsider og bruk **påmeldingsskjema** som du finn i menyen øvst på nettstaden www.more.fhs.no under menypunktet «Siste nytt».

E-post og telefon

Du kan òg melde deg på med e-post til skulen på adressa kontor@more.fhs.no eller ta kontakt på telefon: 70 04 19 99.

Pris og betaling

Pris for deltaking på grillkvelden fredagen er **kr. 100,-**. Pris for deltaking/servering på resten av stemnet er **kr. 350,-**. Vi ber om at deltakarar betalar inn **påmeldingspengar på førehand** på kontonummer 3910.52.51290. Merk betalinga med «Elevstemnet 2021». Betaling for **overnatting** skjer på skulen.

Ta kontakt med medelevar!

Det er lurt å bruke telefonen eller sosiale media, og ta kontakt med andre frå ditt kull for å "mobilisere". Mange lurar på om det er andre som kjem, og treng eit "spark bak" for å ta laust. For nokre av årskulla er det òg oppretta eigne grupper på Facebook. Leit etter ditt årskull på <http://www.facebook.com/MoreFolkehogskule>.

Vi legg ved ei liste over jublantane. **OBS!** Vi manglar nokre adresser – nokre er kanskje for gamle, andre har kanskje flytta. Kan du hjelpe? Ta i så fall gjerne kontakt med skulen!

Svarfrist på denne invitasjonen er **søndag 1. august 2021**.

Velkomen tilbake til Møre folkehøgskule!

Einar Opsvik
Rektor